

## Innleiing

Bachelor- og masteroppgåva (heretter referert til som oppgåva) er eit arbeid der du skal nytte dei kunnskapane som er opparbeidde gjennom studiet til å løysa ei gitt oppgåve. Oppgåva skal normalt utførast i siste semester av studiet. Unntak er ei masteroppgåve på 60 studiepoeng som går over to semester.

Alle studentar som skal skriva oppgåva si på vårsemesteret, vil bli undervisningsmeldt på haustsemesteret for å motta relevant informasjon via e-post og Canvas.

### Forberedelser

Du byrjar å forberede deg med å:

- tenke ut kva tema du ønsker å skriva om
- tenke ut kva oppgåve du vil skriva
- snakk gjerne med fagmiljøet ved UiS og/eller ekstern bedrift
- for inspirasjon, sjå tidlegare oppgåver i Brage
- sjå tilgjengelege oppgåveforslag i Samarbeidsportalen

Du registrerer og/eller søkar på oppgåveforslag i Samarbeidsportalen på haustsemesteret.

Sjå Regler for bachelor- og masteroppgåve.

[Bacheloroppgaver](#)

[Masteroppgave](#)

## Gjennomføring

Arbeidet med oppgåva forgår under rettleiing av ein fagleg ansvarleg/veileder. Når du har fått tildelt oppgåve, er det ditt ansvar å ta kontakt med fagleg ansvarleg/veileder ved UiS. Du har rett på inntil 5 veiledningssmøter i løpet av skriveperioden. Det er også lurt å lage ein framdriftsplan.

Oppgåva skal innehalda eit klart definert bodskap, problemstilling, vere godt strukturert, enkel å finne fram i og lett å lesa. Argument for og i mot ein gitt påstand skal vere logisk presentert.

Oppgåva skal kunne lesast av ein medstudent med same bakgrunn utan å trenge ekstra informasjonsmateriale for å forstå innhaldet.

Dersom det visar seg å vera behov for å endra tittel/problemstilling på oppgåva undervegs, trengjer du kun å gå i dialog med veileder(e).

ChatGPT (eller liknande KI-program)

Det må kome tydeleg fram om du har, eller ikkje har, brukt ChatGPT eller liknande i oppgåva di.

Dersom du har brukt ChatGPT eller liknande, må du redegjøre for på kvifor ein måte dette er brukt.

### Skrive i gruppe

Dersom du skal skriva oppgåva di i ei gruppe må dokumentet «Gruppekонтракт for bachelor og masteroppgave i studentgruppe ved det teknisk-naturvitenskapelige fakultet» vera lest og signert.

Merk at for bacheloroppgåve kan inntil 3 studentar skriva saman, mens for masteroppgåve kan inntil 2 studentar skriva saman.

Eksempel på oppsett:

Bruk standard [mal for oppgåve ved UiS](#)

**Framsida:** sjå forside i UiS sin oppgåvemaal

**Samandrag:** Samandraget skal vera ein kortfatta gjengjeving av oppgåva. Problemstilling, hovudresultat og viktige konklusjonar tas med i samandraget

**Innhaldsliste:** Du viser her dei ulike kapitla og underkapitla med sidetal.

**Forord:** Dersom du ønskjer å takke institusjonar og/eller personar som har vore til stor hjelp under arbeidet med oppgåva, kan dette gjerast i forord.

**Innleiing:** Innleiinga kan innehalde fleire delar. Først kjem bakgrunnen for oppgåva, vidare bør du vise kva oppgåva går ut på, kva som skal utførast og korleis oppgåva er bygd opp.

**Teori/bakgrunn:** Gi en beskrivelse av status på fagfeltet per dags dato (hva har blitt gjort tidligere). I dette kapitlet viser du teoriar, metodar, modeller, likningar osv., som er relevante for oppgåva.

**Material og metodar:** Ta med kva metode og eventuelt utstyr/material du har brukt (gjærne i form av figurar).

**Resultat:** Her legg du fram alle resultatata. Diskuter med veileder om det er nyttig å skrive resultatdelen i kombinasjon med diskusjon, men viktig at studenten forstår forskjellen.

**Miljøregnskap:** Oppgåva bør ha en oversikt over kva slags innverknad det som er gjort kan ha på miljøet. Her kan det også tas med miljøinnsparring dersom resultatet skal erstatte eksisterande løysingar.

**Diskusjon:** Her vurderer du og tolkar resultatata dine samt samanliknar resultatata med allereie publisert litteratur.

**Konklusjon:** Gje ei kort oppsummering av resultatata i oppgåva.

**Referansar:** Det viktig å sitere korrekt og lage riktige referanselister. Husk å korrekturlese referanselista sjølv om eit digitalt verktøy (EndNote) er brukt til dette.

**Vedlegg:** Dersom du har vedlegg til oppgåva di skal dette vedleggast til slutt i oppgåva. Merk at vedlegga ikkje inngår i antall sider for oppgåva di.

## Lovgjeving for overføring av kunnskap (Eksportkontroll)

UiS og eksterne bedrifter må følge lover og retningslinjer for overføring av kunnskap (det såkalla «eksportkontrollregelverket») på tvers av landegrensar.

Dette kan føra til nokre begrensningar på kva for oppgåver som kan tilbys. Regelverket har og som konsekvens at det kan vera begrensa tilgang til nokre laboratorier og bruk av vitenskaplege instrument ved fakultetet.

## Skrivestøtte

Her har vi samla nyttig informasjon og tips til deg som skal skriva oppgåve.

- UiS har utarbeida ein mal for oppgåva som skal nyttast. Se lenke side 1.
- Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet har en nettside med felles [informasjon om oppgåveskriving](#).
- Universitetsbiblioteket har nyttige kurs, informasjon og ressursar som kan hjelpe deg med oppgåveskriving. Se biblioteket sin [kurskalender](#)
- [Læringsstøttesenteret](#) tilbyr blant anna kartlegging av lese- og skrivevanskar og akademisk rettleiing til studentar.
- [Studieverkstedet](#) er opent for alle studentar ved UiS, uansett emne og nivå.
- Det er viktig å alltid referere til litteraturen du bruker når du skriv en akademisk tekst. Besøk [bibliotekets nettsider](#) for utfyllande informasjon og nyttige lenker.

## Viktig informasjon

Forsøk på fusk kan føre til utestenging frå alle utdanningsinstitusjonar, jf. "[forskrift om studier og eksamen ved UiS](#)"§ 6-1. Plagiatkontroll blir foretatt på alle besvarelser ved innlevering. [Les meir om fusk](#)

Du har anledning til å søke om utsett frist på oppgåva på grunn av gyldig fravær. Dette kan søkast om i [Digital studentekspedisjon](#). Merk at det ikkje kan innvilgast lengre frist enn kva fraværårsaka tilseier. Dersom utsett innleveringsfrist blir innvilget må faglig ansvarlig/veileder orienteres av studenten. Utsett levering medfører utsett sensur.

### Forpliktelser knytta til personvern

Dersom du ønsker å bruke personopplysningar og/eller helseopplysningar som en del av oppgåva di, må du sørge for at prosjektet er i tråd med gjeldande lovverk. Les meir om [UiS sine egne retningslinjer for behandling av personopplysningar](#) i studentoppgåver.

Skal du behandle personopplysningar i oppgåvene må prosjektet meldes inn til Sikt – Kunnskapssektorens tjenesteleverandør (tidligere NSD) Dette må utførast senast 30 dagar før datainnsamlinga skal starte.

Dersom du skal behandle helseopplysningar må du søke om etisk forhåndsgodkjenninga hos Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk (REK). Du kan ikkje starte på prosjektet før du har fått aksept frå Sikt – Kunnskapssektorens tjenesteleverandør (tidligere NSD) (og godkjent vedtak frå REK ved medisinske og helsefaglege forskingsprosjektet).

### Forpliktelser knytta til eksperimentelle oppgåver og oppgåver med feltarbeid (innland og utland)

Du må:

- laga ein sikker jobbanalyse (SJA) i samarbeid med laboratorieingeniør eller fagleg ansvarleg/veileder. Denne må lagast og godkjennast før arbeid på laboratoriet eller verkstad kan startast
- ha gjennomgått opplæring på utstyr som skal nyttast i forbindelse med oppgåva di før du startar arbeidet
- gjennomgå og bestå HMS kurs før arbeidet kan startast. Du finn kurset på Canvas under emnet Informasjonsside TN

I tillegg kan enkelte institutt krevje ein introduksjonssamtale saman med ein ingeniør på instituttet. Her tas også opp HMS- rutiner. Dette vil din fagleg ansvarleg/veileder informera deg om.

Ved eksperimentelle oppgåver er det viktig at du sjekkar om du treng kurs for å kunne gjennomføre arbeidet, og når desse kursa holdast. Disse bør gjennomførast så snart som mogleg og før arbeidet med oppgåva startar.

Om feltarbeid, feltkurs, ekskursjonar eller liknande inngår i arbeidet med oppgåva di, må du følge prosedyren "Feltarbeid og turer med faglig aktivitet".

Husk å sjekk kvifor nokon forsikringar du treng før du avreise.

Om du har arbeidsopphald i utlandet må du setje deg inn i brosjyren "Sikkerhet på reisen – Informasjon til studenter som reiser ut", samt les innhold på <https://www.sikresiden.no/> «på reise»

## Innlevering av oppgåva

### Før innlevering:

- Sjekk at sidetal og referanselista stemmer.
- Sjekk at alle referansar, tabellar og figurar er tatt med, og at dei er korrekt viste til.
- Hugs at du berre kan laste opp ein pdf fil og at vedlegg må vere del av denne pdf filen.
- Sjekk at framside, samandrag, forord og innholdsliste ikkje inneheld feil eller uklare ting.

- Dersom du har inngått «Avtale om båndlegging av oppgåva», må du hugse å registrere dato for publisering i Inspera når du laster opp oppgåva di. Merk at UiS kun signerer eigen avtale, ikkje konfidensialitetsavtaler frå eksterne bedrifter og at båndlegging/konfidensialitet gjelder hele oppgåva.

#### Ved innlevering

- Oppgåva leveres digitalt i Inspera.
- Oppgåvetittel må registrerast på oppgåvas originalspråk og engelsk i Inspera for å motta vitnemålet. Dersom oppgåva er skreven på engelsk, skal den engelske tittel også skrives inn i feltet for norsk tittel. Tittelen er synleg på vitnemålet, og det er derfor viktig å vere nøye med rettskrivinga.
- Dersom du har valgt å publiserer oppgåva di, vil den bli automatisk overført til NVA (UiS sitt offentlege digitale arkiv) etter at klagefristen har gått ut.

#### Etter innlevering

- Sensurfrist publiseres på Studentweb. Sensurfrist er 4 uker for bacheloroppåver, 10 uker for masteroppåver og 3 uker for 10 studiepoengs oppåver
- Du kan be om begrunnelse på karakter i studentweb innan én uke etter sensur er publisert
- Eventuell klage på karakter sendast inn i StudentWeb innan tre uker. Kandidater kan klage individuelt på karakteren ved gruppeeksamen. Eventuell endring i karakter etter klagesensur får bare virkning for studenter som har skrevet under på en skriftlig klage.
- Digitalt vitnemål blir automatisk generert og tilgjengeleg i [vitnemålsportalen](#).

#### Andre gangs forsøk

Dersom du leverer blankt eller får karakteren F vil dette telle som et forsøk. Du må da søke om et andre og siste gangs forsøk på oppgåva ref. "forskrift om studier og eksamen ved UiS" §3-10 punkt 4:

En kandidat har som hovedregel ett forsøk på en utøvende eksamen, bachelor- eller masteroppgave.

- a) Det kan etter søknad innvilges et 2. forsøk dersom en kandidat ønsker å forbedre karakteren. I slike tilfeller kan kandidaten ikke gis anledning til å bearbeide en tidligere innlevert besvarelse, men må skrive en ny besvarelse på et nytt grunnlag.
- b) En kandidat som ikke har bestått utøvende eksamen, bachelor- eller masteroppgaven kan etter søknad innvilges et 2. forsøk. I slike tilfeller kan bachelor- eller masteroppgaven leveres inn i bearbeidet form eller det kan leveres en helt ny oppgave. Denne skal da leveres innen fastsatt frist, og blir tellende som et nytt eksamensforsøk.

Merk at søknad om andre gangs forsøk i hht til punkt b) må søknad foreligge administrasjonen innen 14 dager etter sensur er publisert. Du søker om dette via Digital Studentekspedisjon.

Dersom en slik søknad blir innvilget vil du gis inntil 1 måned til å bearbeide oppgåva.

#### Karakterbeskrivelse

Karakterbeskrivelser utarbeidet av Universitets- og høgskolerådet (UHR):

<https://www.uhr.no/temasider/karactersystemet/karakterbeskrivelser/>